

# KYRKJEBLAD

55. årg.

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1/2001

## Les i kyrkjebladet

Om kyrkjebladet	Side 2
Helsing frå Edvard og Kari	Side 3
Vaksdal kyrkje og kyrkjegard	Side 4
Eli og Ove takkar av	Side 5
"GODT NYTT" i Dale kyrkje	Side 6
Radio Vaksdal 10 år	Side 7
Hjelp unge i Brasil Fasteaksjonen 2000	Side 8
Tomasmesse Orgelet i Eidsland kapell Vitnemål frå fredsprisvinnar Kvinnebønedagen	Side 10
Slekters gang Vinter- og påskeleirar	Side 11
Diakonvigsle Kyrkja på internett	Side 12

## Ny prest i Vaksdal



Foto: kyrkjebladet

Edvard Bø vart innsett som kapellan i Vaksdal i gudstenesta på Vaksdal sundag 4. februar. Det var prost Knut A. Knudsen som sto for innsetjinga, kor han mellom anna las tenestebrevet Bø fekk frå biskop Ole D. Hagesæther. Etter gudstenesta var det velkomst for han og kona Kari i bedehuset på Vaksdal.

**VAKSDAL PRESTEGJELD****Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkevegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29

E-post:

kyrkjekontoret.vaksdal@ulvik.org

**Ekspedisjonstid:****Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,  
onsdag kl. 10.30-13.30****Kyrkjeverje Svein Tøsse,**

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

**Sokneprest Frode Kvamsøe**

Tlf. kontor 56 59 39 20 ,

E-post:

soknepresten.vaksdal@ulvik.org

frode.kvamsøe@c2i.net

Tlf. privat 56 59 73 15 ,

Mobiltlf 90 19 65 14

**Kapellan Edvard Bø**

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: kapellanen.vaksdal@ulvik.org

Postboks 23, 5725 Vaksdal

**Samtale med presten**Prestane står til disposisjon  
for samtale.

Avtal helst på forehand.

Prestane har teieplikt.

**KYRKJEBLADE FOR  
VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

**Bladstyrar:**Stoff kan de senda til Kyrkjekontoret.  
Adressa finn de øvst i denne spalta.**Kasserar:**Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,  
boks 113, 5721 Dalekvam**Eksp. og trykk:**Øystese Trykkeri A/S, Boks 34  
5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal,  
Pb. 113, 5721 Dalekvam.**STOFF TIL NESTE NR.**

må vera kome til redaktøren innan

**8.mars 2001**Bladet kjem ut i veke 14 som byrjar  
med 2.april**OM  
KYRKJEBLADET  
I ÅR 2001**

Frå årsskiftet har me vore utan redaktør for kyrkjebladet. Ove Magne Straume frå Stammes har i utgangspunktet sagt seg villig til å ta på seg arbeidet til sommaren. I mellomtida har me sydd saman dette nummeret etter beste evne, og vonar at du vil finna litt av kvart å lese. Som tida me lever i, vil og kyrkjebladet verte endra. Etter kvart vil me leggje ut informasjon på vår eiga internettseite om gudstenester, konserter og andre aktivitetar. Forskrifter for kyrkjegardane, og anna nyttig informasjon vil verte lettare tilgjengeleg – for dei som har internettoppkopling. Det ”gode gamle” kyrkjebladet vert likevel prioritert høgast. Me ynskjer at bladet skal nå ut til så mange som mogleg, utan at ein treng tekniske nyvinnningar i heimen for å få tilgang til stoffet....

Som før har me høve til innlevering av stoff til bladet. Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret om det er noko du ynskjer å dele med lesarane, eller om det er arrangement du vil omtale.

**Redaksjonsnemd**

Det vert arbeidd med å finne folk til ei redaksjonsnemd for kyrkjebladet. Nemnda vil arbeide med innhenting av stoff frå heile prestegjeldet, og vere til støtte for redaktøren med omsyn til utforming og innhald i bladet. Er du interessert i slikt arbeid? Ta kontakt med kyrkjeverja for meir informasjon.

**KYRKJESTADEN  
DALE 100 ÅR****Jubileumsskrift**

Boka er innbunde, med mykje biletstoff både i svart/kvit og fargar, og er til sals for:

**kr. 100,-  
hjå Petersen & Ypsøy  
og på Kyrkjekontoret.**

**Boka kan tingast frå  
Kyrkjekontoret, Boks 113,  
5721 Dalekvam .  
Tlf. 56 59 39 20**

**GODKJENDE  
LEVERANDØRAR  
AV GRAVMINNER**

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminner. Alle gravminne må vera innafor forskriftene i gravferdsloven. Dei fleste leverandørane har lokale kontaktpersonar.

Åsane Stein AS  
Sæthre Stenindustri AS  
Kjøl Stenindustri  
Øien Steinhuggeri  
Brødrene Strand Stenhusggeri AS  
Decoform Gravmonumenter AS  
Eikner Naturstein AS

**Alle andre leverandørar pliktar å  
søkje om godkjenning for kvart  
einskild gravminne fram til at  
gravminnekatalogen er godkjent.  
Godkjenningar i andre kommunar  
gjev ikkje automatisk godkjenning  
i Vaksdal.**

## NYE I VAKSDAL



Foto: Vaksdal Posten

No er vi komne til Vaksdal, kona mi, Kari, og eg, Edvard, som er den nye kapellanen. Mange har nok allereie lese i lokalavisa om oss. I skrivande stund har vi vore her i litt over ei vike. Vi kjenner oss særskilt velkomne, og det er ei god oppleving. Når ein kjem til ein ny plass, er ein alltid litt usikker og spent på korleis dette skal gå. Då varma det at folk viste omsyn allereie fyrste dagen. På døra kom det både vaflar med heime-laga ripsmarmelade og ei kvit dame (til å ete). Dagen etter fann vi blomar når vi kom heim. Vi vil difor nytte høvet her i kyrkje-bladet til å takke for den varme velkomsten.

I dag gjekk vi tur i det fine veret for å bli betre kjend i bygda, og folk stogga og slo av ein prat. Nokre var framande, andre hadde vi sett ved tidlegare høve. Eg trur det slik skal bli lett å bli kjend med folk her i bygda.

Det tar alltid litt tid å kome i orden. Så de får ha litt tol med oss at vi må bruke ein del tid heime til å få tinga på plass. Men ver ikkje redde for å stikke innom eller å ta kontakt. Det er blitt slik i dag mange plassar at folk kvier seg litt meir for å ta kontakt med naboen. Når ein kjem frå arbeidet, så er det gjerne å setje seg ned med avis og glo på tv-skjermen. Eg trur vi treng

nokon kvar å bli medvitne om korleis vi bruker tida vår. Sjølvsagt treng du av og til berre å slappe av og kvile. Det er og fasar i livet der familien krev sitt og det ikkje er rom for anna sosialt samkvem. Difor ynskjer eg ikkje å leggje ei ekstra bør på dei som har dagane travle nok som dei er. Samstundes trur eg likevel at ein liten refleksjon over tidsbruken i livet ikkje er så dumt. Dagane og åra går. Det er ikkje lett å fatte at vi no har vore over 9 år på Eidsvoll.

Ved starten av ei ny tilverke, vil eg minne både andre og meg sjølv på at det er den tida ein bruker ilag med andre, som skapar gode minne for framtida, dei som ein tenkjer tilbake på med glede. Det er desse gode stundene som gjer livet verd å leve. Dei er ein rikdom så god som gull. Før ein veit ordet av det, har tida gått frå ein. Med dette vil eg seie at no er eit godt høve. Lat oss bruke det til felles glede. Vi ser fram til gode dagar og spanande møte med mange nye menneske her i Vaksdal.

**"Som andletet speglar seg i vatnet, kjenner eit menneske seg att i eit anna."**  
**Ordtøka 27 19.**

Helsing frå det nye presteparet

## VETERANAR TAKKAR AV

Ved årsskiftet slutta både kyrkjetenar og klokkar i Dale kyrkje, og i gudstenesta den 14. januar fekk dei blomar og takk for innsatsen. Men vi kan ikkje sleppe dei heilt, før vi har fått nokre ord med dei til Kyrkjebladet.



**Ove Alvheim** (snart 40)  
Kyrkjetenar i Dale kyrkje sidan 1989  
Arbeidar på fabrikken på Dale (DoN)

**Ove:** Eg har låst opp kyrkja, gjort klår til gudstenesta. Noko av det første har vore å ringje med klokkene ein time før gudstenesta. Vidare har eg henge opp salmenummer, laga til altaret og lys, gjort klårt til nattverd, og elles sett etter at det var ryddig i kyrkja. Under gudstenesta har eg styrt lydanlegget og telt kor mange som var til stades. Eg har også vore i kyrkja ved gravferd, og som regel elles når noko skjer i kyrkja. Til jul og 17. mai pynta eg kyrkja.

**Ove:** Det har vore ein berikande jobb. Til dømes har eg har hatt høve til å sitje i ei stille kyrkje, før nokon andre har kome, og til dømes bede, eller berre vore stille. Det må også nemnast at eg har hatt ein veldig grei og velviljig arbeidsgjevar i fabrikken. Det har vore mogleg for meg å gå frå arbeidet der og til kyrkja når det har vore naudsynt, til dømes ved gravferd.

**Ove:** Eg sat mest i beredskap, for å sjå til at alt var som det skulle under gudstenesta, kan hende måtte eg justere lydnivået undervegs. Og så brukte eg å fylgje med på om presten sin påkledning var i orden...



**Eli Kringlebotten** (snart 51)  
Klokkar i Dale kyrkje sidan 1983  
Arbeidar som sjukepleiar

### Kva har oppgåvane dine vore?

**Eli:** På førehand har eg sytt for blomar til altaret, gjerne med den aktuelle liturgiske fargen. I kyrkja har eg samarbeidd med kyrkjetenaren om å gjere altaret klårt, hjulpe presten med påkledning, lese tekstane og kunngjeringane i gudstenesta, assistert presten ved dåp. Klokkaren brukar også å bere prosesjonskrossen når han vert nytta i gudstenesta. Etterpå har eg ført dags-registeret i kyrkja, og telt opp offerpengar. Klokkaren er også med når det er nattverds-gudsteneste på Daletunet, og dette arbeidet har eg halde fram med.

### Korleis har du opplevd tenesta?

**Eli:** Då eg tok til som klokkar, tenkte eg at eg gjekk jo i kyrkja likevel, så kvifor ikkje ta ei slik oppgåve? Det er kjekt å vere saman med folk, og kan hende få vere noko for dei som kjem til kyrkja. Då eg byrja fekk også høyre at blomane på altaret etter gudstenesta skulle gjevest til einkvan som trengde dei. Som gonger har eg difor gjeve dei til nokon i kyrkja, andre gonger har eg teke dei med til gamleheimen.

### Kva tankar har du om gudstenesta?

**Eli:** Gudstenesta er fin, særleg etter at ho vart fornya for nokre år sidan. Då vart det meir rom for deltaking for andre enn berre presten, slik at ein fekk meir høve til å gjere gudstenesta til si eiga.

*Har du ein morosam episode frå kyrkja du kan nemne?*

**Ove:** Då eg skulle ringje inn til gravferd for fyrste gong, gjorde eg feil og trykka fyrst på knappen for 3 gonge 3 slag. Så byrja eg på dei 12 slaga det skal vere, og etter til saman 18 slag stakk presten hovudet inn sakristidøra og sa: "Det er sikkert nok no..."

**Eli:** Eg kjem til å hugse då vi hadde dåp i Oldenvatn med kolsyre, av di vatnet på Dale var borte. Og nokre dagar etter var det flaum i kyrkja då eg kom inn for å ordne noko.

*Kvifor slutta du?*

**Ove:** Eg ynskte å få høve til å oppleve gudsstenesta frå kyrkjebenken, særleg å få gjere dette i jula. Og er tykte eg hadde vore kyrkjetenar lenge nok.

**Eli:** Eg er i full jobb no, med arbeid og i helgene, mens eg berre var i halv jobb då eg byrja. Likevel var det ein tung prosess å bestemme meg for å gje meg som klokkar.

**"GODT NYTT" TIL 5. KLASSE I DALE KYRKJE 11. FEBRUAR**

5. Klasse ved Dale skule



5. klasse ved Stanghelle skule

## NYTT FRÅ KYRKJEVERJA

I dette nummeret av kyrkjebladet vil me starte ein følgjetong med informasjon om dei 7 kyrkjene og 8 gravplassane me har i kommunen, sett frå kyrkjeverja si side. Det handlar med andre ord om drift, vedlikehald og økonomi.

Fyrst ut er Vaksdal sokn, med om lag 1200 innbyggjarar.

### Lekkasje i Vaksdal kyrkje

Kyrkja er bygd i teglstein, og forblenda med bruddstein. Fugene mellom steinane er ikkje tette lengre, og ved sterkt vind frå sørvest finn regnvatnet veg inn i murane. Dette fører til at målinga flassar, særleg i partiet ved våpenhuset og tårnet. Murfugene har tidlegare vore forsegla, men sur nedbør og frost tærer bort pussen. Med jamne mellomrom må difor behandlinga fornyast, til ein finn ei meir varig løysing. Kostnadene med dette kan vert høge.

### Fuktskadar i kyrkja

Etter som åra har gått, har den naturlege dreneringa rundt kyrkja tetta seg til, og det kjem fukt nedst i veggen mot nord i skipet og framme rundt koret. Dette krev at ein grev grøft langs kyrkjeveggen, og legg ned nye drensrør der det trengst. Ved døypefonten er skadene godt synlege, og veggmåleriet byrjar verte øydelagt.

### Ugrasproblem

Grusen rundt kyrkja har samla frø og plantestar. Topplaget må skiftast ut. Løysingar der ein nyttar skiferheller og plen har vore vurdert, men dette treng og vedlikehald. Inntil vidare vert det satsa på sprøyting og luking.

### Parkeringsstilhøve

Parkerig ved kyrkja er til tider vanskeleg. Kyrkjetomta omfattar eit areal på sørsida av kyrkja som i framtida kan nyttast til parkering. Tilkomsten er ikkje god, og det vil kosta ein del å opparbeide arealet. Kyrkjeverja har nyleg fått ei påminning om denne moglegheita, og arbeider med saka.

### Energisparing

Det er sett i gang omfattande straumsparetiltak for kyrkja, som til no har hatt 80 000 kroner i årlege straumutgifter. Tiltaka er ikkje ferdige enno.

### Gravplassen på Vaksdal

har mest ikkje ledig areal. Det er teke i bruk gamle graver til ny gravlegging, men det vil om kort tid verte for lite areal til å oppfylle krava til antall ledige graver i høve til lovverket.

I reguleringsplanen er det sett av areal nord for den eksisterande gravplassen. Kommunestyret har løyvd pengar til grunnkjøp, og dersom området egnar seg med omsyn til grunntilhøve, kan det om kort tid verte kjøpt.

Etter kvart vil ein sjå på det samla arealet under eitt og opparbeide området med buskar og tre slik at gravplassen får ei verdig omramming. I dag verkar gravplassen snau, for bjørkene hadde vokse seg for store i høve til tilgangen på vatn, og måtte fjernast. I framtida vil me satse meir på seintveksande buskar og tre for å få vedlikehaldskostnadene ned på eit minimum utan å redusere for mykje på kvaliteten.

Etter å ha sletta mange gamle graver på det eldste feltet på kyrkjegarden rekna me med at det ville vere nok ledige plassar for fleire år frametter. Men gravene låg svært tett, og me mister om lag 5 graver for kvar rekkje av di det er sett nye krav til storleiken på kvar grav. Difor må arbeidet med utvidinga koma i gang snart. Er ein gravplass stor nok, vil det teoretisk vere balanse mellom tilgangen av ledige gamle graver, og gravleggingar. Me vonar at dette kan løysast med den framtidige utvidinga.

### Bladpengar for 2001:

Kyrkjebladet held fast ved bladpengesatsen på kr 100,-. Det er - som tidlegare- høve til å gje ei gāve etter eige ynskje.

Giro for bladpengar og gāve vert lagt ved.

## RADIO VAKSDAL FYLLER 10 ÅR

Radio Vaksdal inviterte til jubileumsfest i Bedehuset lørdag 27. januar. Snart ble det fullt, rundt fint dekkede bord, med lys og blomster. Hele festen var lagt opp som en direkte sending, med den gamle kjenningsmelodien. Redaktør Helge Gullbrå var kveldens programleder, mens Ann-Elin Gullbrå styrtet teknikken. Og "medhjelpere" var det mange av. Ragnvald Kringlebotten leste en velskrevet prolog. Synne Dyvik gledet oss med vakker sang.



Etter matøkt med rundstykker, bløtkaker og stor jubileumskake, fikk vi et festlig tilbakeblikk på 10-års perioden, med flere aktører på podiet. Dette innslaget ble humørfyldt ledet av Jostein Rene.

Ved en jubileumsfest hører det også med hilsener og blomster. Her var det de tre redaktørene: Einar Mjelde, Odd Dyvik og Helge Gullbrå som fikk blomster. Kveldens taler, Nils-Kåre, og sangfuglen vår, Synne, fikk også en blomsterhilsen. Vi fikk også anledning til å hilse på den nye kapellanen, Edvard Bø, som sammen med kona Kari, var med oss på festen.

Takk til alle som legger ned et stort, frivillig arbeid i radioen. Takk for fin jubileumsfest. Vi ønsker Guds rike velsignelse over arbeidet videre fram.

Tekst: Edith Faugstad

Foto: Trygve Boge



## HJELP UNGE I BRASIL TIL EIN NY START

### Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp

**-Hadde det ikkje vore for sirkusskulen "Se essa rua fosse minha" hadde eg fortsatt stoled, levd på gata eller vore drepen, seier Alex, 18 år. Han er ein av mange unge i Brasil som har fått ein ny start, borte frå vald og kriminalitet.**

I Brasil er valden ein trussel som skapar frykt i alle samfunnslag, og unge er ein spesielt utsett gruppe.

Men ungdomar som Alex (18), Monique (15) og Kall (26) er engasjert i arbeidet for ei betre framtid. Dei er med i prosjektet som Kirkens Nødhjelp støttar.

Tysdag 3.april vil kyrkjelydar og forsamlingslag i Norge igjen samla inn pengar til Kirkens nødhjelp sin årlege Brød for Verda – aksjon. Tema for aksjonen i år er Brasil og vald. Enorme sosiale ulikskapar, därlege tilhøve til utdanning og arbeidsløyse gjev grobotn for vald av eit slikt omfang at det skapar frykt i alle samfunnslag. Gjennomsnittleg vert 110 menneske drepne kvar dag, årleg heile 40.000.

#### Sirkusskule

Kirkens Nødhjelp støttar mange ulike tiltak mot vald i Brasil. Gjennom sirkusskulen til "Se essa rua fosse minha" (Om denne gata var min) har mellom andre Alex Paga (18) fått ein ny start. Han budde på gata frå han var 9 til han var 16 år. Men i dag er han elev ved den nasjonale sirkusskulen om dagen og går på vanleg skule om kvelden.

Til trass for at han er ein av dei heldige som har fått hjelpe til å koma seg opp og ut av problema, er ikkje Alex berre optimistisk med tanke på framtida. Det er vanskeleg å tru på ei framtid utan vald og kriminalitet. Arbeidet med unge er komplisert, men sirkusskulen til "Se essa rua..." syner at det nyttar.

#### Å vera jente

Organisasjonen Instituto de Acão Cultural (IDAC) fokuserear på si side på jenter som lever på gata. Monique (15) fekk høyra om IDAC-prosjektet "Ser Menina" (å vera jente) gjennom ei veninne då ho var gravid.

I dag er ho talsvinne, og saman med to andre reiser ho rundt og informerer om prosjektet.

Unge jenter i dei fattige bydelane, favelaene, er særleg utsette for vald. Seksuelle overgrep skjer kvar einaste dag. – Det høgste framtidsmålet for mange jenter er å bli kjæraste med ein narkosjef, då er dei nemleg trygge, seier Monique. Likevel trur ho på eit betre liv. Ho har fullført datakurset "Ser Menina" tilbyr, og får kanskje jobb. "Ser Menina" gjev ein tryggleik det er vanskeleg å finna andre stader.

#### Rappar mot vald

Kall (26) vaks opp i storbyen São Paulo (3 mill. innb.). Han møtte kompisken Gaspar (22) på skulen. I raseri over dei mangalnde tilboda for ungdom i bydelen, bestemte dei seg for å gjera noko. Det vart rap, og dei kom i kontakt med organisasjonen Acão Educativa. Dei starta med Workshops, rap, kursing i grafitti og breakdance for rundt 250 ungdomar. Sidan har Kall fulgt opp med nye kurs for meir vanskelegstilt, kriminell ungdom.

- Vi har hatt mange møte med politiet, og dei tauar oss inn kvar gong vi set i gang noko nytt. Dei ser på oss som ein trussel mot det etablerte, fordi vi driv ein kamp mot fattigdom gjennom å bevisstgjera unge, seier Kall. Han og Gaspar ledar kvar si rap-gruppe, og målet er å få gjeve ut ein CD. Men dei har planar om mange flere aktivitetar. – Rap bevisstgjer oss på "krigen" rundt oss, seier dei.

#### Dør-til-dør innsamling

Arbeidet mot vald i storbyar i Brasil er konkrete døme på prosjekt Kirkens Nødhjelp støttar. Likevel går pengane til Brød for Verda-askjonen til *alt arbeidet* KN driv for å kjempa mot fattigdom, naud og urettvise i over 60 land.

**Tysdag 3.april kan du vera med på å gje ditt bidrag. Det trengst både bøsseberarar til innsamlingsaksjonen og velviljuge gjevarar!**

**ALT I KJØKKENINREDNING  
BAD - SKYVEDØRSGARDEROBE  
SNEKKERVERKSTED**

**SNEKKER  
KJELL NYSTED**

56 59 74 72

Mobil: 977 36 590

Snittar \* Koldtbord \* Begravelses-sammenkomster  
\* Overtidsmat \* Møtelokale \* Video \* Stor-kiosk  
Fast-food \* Pizza \* Musikk \* Verksted \* Dekk



Dalegarden Nord, 5722 Dalekvam.

Tlf. 56 59 67 36–Fax: 56 59 67 75 -E-mail kaajo@online.no

### PETERSEN & YPSØY AS

Bokhandel – Gåver – Foto

Kiosk – Tipping – Rikstoto.

Tlf. 56 59 61 58.

Kontormateriell – Data

Leiker – Hobby – Fotorammer,  
i andre høgda på Dale Handelsforening.

Tlf. 56 59 79 80.



Boks 12, 5721 DALEKVAM

Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snitter, koldtbord,  
middag og pizza til alle anledninger.



Dalehallen, Tlf 56 59 64 44

*Har du lyst til å fornye deg?*

*Vi hjelper deg med ny klipp, hårfarge og make-up.*

- Kosmetikk
- Fjerning av uønsket hår
- Hull i ørene
- Hair extensions ( sveising)
- Brudepynting

**COOP Hordaland BA**  
marked  
Avd. 405 Dale  
5721 Dalekvam  
Tlf.: 56 59 60 57



Kirkens Nødhjelp støttar mange tiltak mot vald i Brasil. Felles for alle prosjekta vi støttar er at dei har som mål å gje ungdom tilbake sjølv-tilliten og trua på eigne krefter.

**Ring 820 43 033 og gje 100 kroner eller bruk giro 110.**



## GRIPANDE VITNEMÅL FRÅ FREDSPRISVINNAR

*- Eg har levd og held fram med å leve i den tru at Gud alltid er med meg, sa fredsprisvinnar Kim Dae Jung i nobelforedraget sitt i Oslo. Den sympatiske presidenten frå Sør-Korea tok i helga imot Nobels Fredspris for innsatsen for å skape fred og demokrati i landet sitt. Kim Dae Jung fortalte i nobelforedraget at i august 1973, medan han var i eksil i Japan, vart han kidnappa frå hotellrommet sitt av etterretningsagentar frå den dåverande militærregjeringa i Sør-Korea. Nyheita om hendinga forskrekka heile verda.*

– Agentane tok meg med til båten sin, som låg for anker ved stranda. Dei batt meg, knytte bind for augo mine og knebla meg. Akkurat idet dei skulle til å hive meg over bord, stod Jesus Kristus fram for meg med ein fantastisk klårleik. Eg klynga meg til han og bad han redde meg. Akkurat i same augeblikk kom eit fly ned for å redde meg frå døden, sa Kim Dae Jung til dei nærare 1000 gjestene i Oslo Rådhus  
**KPK (Kristelig Pressekontor)**

## TOMASMESSE I DALE KYRKJE

**Sundag 25. februar kl 18.00** vert det igjen skipa til Tomasmesse i Dale kyrkje. Denne måten å feira gudsteneste på har sitt utspring i Finland. I 1987 kom nokre prestar og lekfolk med ulik bakgrunn saman for å drøfta kva skags gudsteneste-felleskap dei hadde trong for i Helsinki. I denne forsamlinga var det både lågkyrkjelege, høgkyrkjelege, karisamtikarar og Taize-inspirerte. Resultatet blei Tomasmessa, ei gudsteneste der ulike tradisjoner har fått plass. Utgangspunktet er kyrkja si gudstenesteform frå oldkyrkja. Ein har lagt vekt på at ulike

musikkformer skal nyttast, ikkje berre salmesong og orgel, slik som i høgmessa. Lekfolket får og mykje større ansvar i gudstenesta gjennom song, musikk, lesing, bøn og vitnemål. Ein hadde ynskje om å skapa ei gudsteneste som skulle vere lett tilgjengeleg for alle. Her skulle det vere plass for alle Tomas sine sysken i notida, dvs. Tomasmessa ønskjer å inkludere dei som er tvilande og sokande.

Alle er velkomne til ei litt annleis gudsteneste i Dale kyrkje denne sundagen.

## ORGELET I EIDSLAND KAPELL

Orgelet i Eidsland kapell er i ein sørgelegen tilstand. Instrumentet er eit el-orgel av eldre årgang, med stadig fleire sviktande komponentar. Mellom anna har det ein lei tendens til å ta inn radiosendingar. I mai 2000 tok difor Vaksdal kyrkjelege fellesråd kontakt med fleire orgel-byggjarar for å få tilbod på nytt orgel til Eidsland kapell. Det kom inn fire tilbod,

og i møte 30.01.2001 gjekk orgelnemda inn for eit forslag frå Henrik Brinck Hansen. Orgelet er på 6 stemmer. Om ein hadde bestilt orgelet i fjar ville prisen ha vore 434.920 kr eks. moms. Ein del ekstra kostnadane til m.a. maling, elektrisk tilslutting av vifte og lyssetting, og forsikring kjem i tillegg. Saka vert no sendt vidare frå orgelnemda til fellesrådet.

## INTERNASJONALE KVINNEBØNEDAGEN FREDAG 2.MARS

Sidan 1887 har kvinner frå ulike kyrkjesamfunn samla seg om ein felles bønedag. Frå USA har dette spredt seg til meir enn 170 land og regionar. Rørsla ynskjer å knyte saman ulike rasar og tradisjonar i eit tettare fellesskap, slik at dei lærer å forstå kvarandre betre, og kan hjelpe kvarandre.

Med bønedagen ynskjer kvinner og menn over heile verda å stadfesta trua på Jesus Kristus, og dela med kvarandre håp og uro, glede og sorger. Opplegget for bønedagen går på omgang mellom dei landa som er med i organisasjonen.

I år kjem opplegget frå Samoa. Menneske frå heile verda blir såleis knytte saman gjennom informasjon om det einskilde landet og gjennom konkrete bøne-emne frå den nasjonale komitéen. Målet er at informasjonen skal gje trong til bøn, og at bøna i si tid skal bere frukt i handling. Her i vårt prestegjeld vert det samlingar på Dale og på Vaksdal.

<b>Alle er hjarteleg velkomne i Dale kyrkje kl. 17.00 og i Vaksdal bedehus kl. 17.00</b>
--

SLEKTTERS GANG

## DØYPTE



## DALE


14.01 Marius Olsen  
14.01 Torje Midtsæter  
28.01 Jonas Låstad Eide Hesjedal  
28.01 Lars Helge Vik Dale  
28.01 Caroline Tveteraas Sylta  
28.01 Mathias Boge  
28.01 Troy Johnny Frantzvåg  
28.01 Sara Steinsland Boge  
28.01 Aina Kristin Steinsland

## STAMNES

26.12 Oda Lundekvam

## VAKSDAL

26.11 Dag Rokne,  
døypt i Raundalen kyrkje



## AVLIDNE



## DALE

11.11 Elna Standal, f.1923

## VAKSDAL


04.10 Ingvald Larsen, f.1908  
11.11 Leif Ingvard Sæterdal, f. 1928  
30.01 Marta Meringen, 1915  
05.02 Svanhild Marie Lokøy, f.1908

## STAMNES

08.11 Bernhard Simmenes, f.1909

## EKISINGEDELEN

19.01 Ivar Vetlejord, f.1911



## VIGDE



## VAKSDAL

04.11 Karin Hammer og  
Jan Stanghelle  
18.11 Lena Hesjedal og  
Øyvind Mjelde

## EIDLSTAD

30.12 Stig Nordheim og  
Siv Simmenes



KIRKEN S SOS

## VIL DU LYTTE?

Kirkens SOS starter nytt innføringskurs i mars for friviljuge medarbeidarar. Kurset går over 10 torsdagskveldar. Medarbeidarane har vakt om lag kvar 12.dag og får støtte og rettleiing så lenge dei er med i tenesta.

For å bli medarbeidar, må du vera fylt 20 år. Oppgåva er å lytta til innringjar, tola å møta eit anna menneske sin smerte og sorg. Medarbeidaren skal ikkje finna løysingar eller "gode råd".

Velkommen til eit godt fellesskap og meiningsfull teneste!

Ring Kirkens SOS tlf. 5532 5845 på dagtid eller 9053 2320 kveld og helg.

VINTER- OG  
PÅSKELEIRAR

## FAGERTUN

Fredag 6.4 – Måndag 9.4  
For 4.kl. – 7.kl.

Onsdag 11.4-2.påskedag  
For 8.kl. og oppover

For meir informasjon  
og påmelding, kontakt  
Norges Samemisjon,  
tlf. 55 31 65 06

## SÆTERVIKA

## VINTERFERIEN

2.-5.mars 10-13 år – Pris 475,-  
5.-8.mars 10-12 år – Pris 475,-  
8.-11.mars 9-12 år – Pris 475,-

## PÅSKELEIR

6.-10 april 6.-9.kl – Pris 610,-  
11.-16.april

Kretsungdomskorets påskeleir

Be om eige program  
NORSK LUTHERSK  
MISJONSSAMBAND  
Tlf. 55 90 48 00

## Vinter-samling

## for heile familien

"Wallemtunet"

Kvamskogen

2.-5.mars

Arr. Normisjon og Bergen  
Søndagsskolekrets

## Barneleir

"Fjon Fjellkirke"

6.-9.april

Arr.Normisjon

Påmelding til leirene:  
Normisjon, 55 21 40 90

Returadr.:  
Vaksdal Kyrkjeblad,  
Postboks 113,  
5721 Dalekvam

## VELKOMEN TIL KYRKJE



### 25.februar – Søndag før faste (Fastelavnssøndag)

**BERGSDALEN kl.11.** Bø.  
Nattverd. Offer til Kirkens SOS,  
Bjørgvin. Årsmøte.  
**DALE kl.18.** Tomasmesse. Bø  
og Kvamsøe. Nattverd.

### 28.februar- Oskeonsdag

**STANGHELLE BEDEHUS**  
**kl.19.** Skriftemålgudsteneste.  
Kvamsøe.

### Fredag 2.mars

**DALE kl.17.** Den internasjonale  
kvinnebønnedagen.

### 4.mars – 1.søndag i faste

**VAKSDAL kl.11.** Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til Radio  
Vaksdal. Årsmøte.

### 11.mars – 2.søndag i faste

**DALE kl.11.** Bø. Nattverd.  
Offer til Den Norske Israels-  
misjon.

**STAMNES kl.17.** Bø. Nattverd.  
Offer til Normisjon. (Santalmisjonen og Indremisjons-selskapet)

### 18.mars – 3.søndag i faste

**BERGSDALEN kl.11.** Familie-gudsteneste. Bø Offer til IKO.  
**EKSINGEDEALEN kl.11.**  
Larsen. Nattverd.

**VAKSDAL kl.18.** Larsen  
Nattverd. Offer til Menighets-fakultetet.

### Laurdag 24.mars

**DALE kl.17.** Jubileumskonsert  
med Dale Mannskor.

### 25.mars – Maria bodskapsdag

**DALE kl.11.** Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til De fire  
Diakoni-institusjonene.  
**EIDSLAND kl.11.** Bø. Nattverd.  
Offer til Nordhordland Indremisjon.

### 1.april – 5.søndag i faste

**VAKSDAL kl.11.** Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til kyrkjelyds-arbeidet.

### 8.april – Palmesøndag

**DALE kl.11.** Bø. Nattverd.

Offer til Menighetsfakultetet.

**NESHEIM kl.11.** Familiégudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**BERGSDALEN kl.12.30**

Sports-andakt i Bergsøyane. Bø.

### **VIKTIG MELDING!**

Det er viktig at de ser etter i lokal-avisene og på plakatar for å kontrollera m.a. klokkeslett for gudstenestene.

## **DIAKONVIGSEL**

25.februar blir Reidun Laastad Dyvik vigsla til diakon i Storetveit kyrkje. Ho byrja i stillinga i august i fjar, men vart eigentleg tilsett eit år tidlegare, medan ho og familien var i London for Sjømannsmisjonen. Kyrkjelyden i Storetveit ynskte sterkt å få ho som diakon, så dei tilsette ein vikar fram til Reidun var tilbake i Noreg. Medan ho tok utdanninga si som diakon, hadde ho praksis i Storetveit. Ho har no hovudsavaret for eldrearbeid og sorgarbeid i kyrkjelyden. Det vil seia at ho er leiar av sorggrupper og -kurs, legg planar for andaktar på institusjonar, ho har besøksteneste hjå eldre og sjuke og arbeider blant psykisk utviklingshemma i kyrkjelyden. Ho deltar og i gudstenester i Storetveit. Det er no planar om å starta ungdomsdiakoni, så det ser ikkje ut til å mangla på oppgåver og utfordringar. Vi ynskjer ho lukka og signing i tenesta.

**Viktig melding  
til våre misjonsvenner  
og samarbeidspartnere**



1. januar 2001 går vi i  
Santalmisjonen sammen  
med Indremisjons-selskapet  
og danner **Normisjon**,  
som vil videreføre vårt arbeid  
hjemme og ute.

Vi takker menigheten og alle  
våre misjonsvenner for trofast  
misjonsarbeid og ser fram til  
fortsatt fruktbart samarbeid.

Ta gjerne kontakt med vårt  
regionkontor i Bergen.

✉ Adr. Øvre Korskirkealm. 5

☎ Tlf. 55 21 40 90

✉ E-post

hordaland@normisjon.no